

Til Alver kommune. Byggjesaksavdelinga.

Gjeld bygging av to-mannsbustad på gnr. 309 bnr. 28 på Hjertås.

Søknad om dispensasjon frå føresegn prg. 2 i reguleringsplan for Mjukebakken.

Syner til krav frå Alver kommune i samband med søknad om igongsetjingsløyve for bustad 5 og 6 i bygg 3 på gnr. 309 bnr. 28. Pkt. 4, side 2 i avvisingsvedtaket adm.vedtak sak 071/23 datert 12.04.23.

I reguleringsplan for Mjukebakken prg. 2 er det fastsett at det kan byggjast bustader med 1,5 etasjar. Etter regelverk som gjeld i dag er det ikkje noko som heiter 1,5 etasjar. Enten er det 1 etasje, 2 etasjar eller fleire.

Innafor same utbyggingsplan, som kommunen har godkjent tidlegare, er det alt bygd 2 bygg med 4 bueiningar med to etasjar og flatt tak. Dette har kommunen gitt dispensasjon frå prg. 2 i reguleringsplanen. Prinsippet med to etasjar og flatt tak er såleis alt godkjent av kommunen og det skulle då eigentleg ikkje vera trong for ny søknad for tilsvarande bygg .

Tiltakshavar søker med dette om dispensasjon frå føresegn i reguleringsplanen prg. 2 om løyve til å byggje to etasjar i staden for 1,5 etasje. Grunngevinga er gitt i tidlegare søknad om rammeløyve for tilsvarande bygg innafor same området og med påfølgjande godkjenning av kommunen.

Hjertås. 28.04.23

For tiltakshavar Meland Bygg AS v/Oddbjørn Meland.

Jens H. N. Bjordal

Ansv. Søkjar.